

## Handsaming i Plan- og miljøutvalet 05.11.2014:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Vinje kommune godkjenner Regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken 2016 – 2021 del 1 og 2, Regionalt tiltaksprogram 2016 – 2021, Regionalt overvåkingsprogram 2016 – 2021 og Handlingsprogram 2016 med følgjande merknader:

- Denne uttalen dekker dei delane av Øst-Telemark vassområde, Tokke-Vinje vassområde og Midtre Telemark vassområde som ligg innanfor Vinje kommune. Planen peikar i stor grad på utfordringar som gjeld Vinje. Det gjeld særleg fornying av konsesjonen for Møsvatn og revisjon av konsesjonsreglementet for Tokke- Vinjevassdraget.
- Utan større løyvingar til vassforvaltningsarbeidet vil det vera vanskeleg å nå fastsette miljømål. Revisjon av eksisterande konsesjonsvilkår, fornying av vasskraftkonsesjonar og krav om ny konsesjonsbehandling vil krevje auka ressursar både lokalt og i OED og NVE.
- Under behandling av nye konsesjonsvilkår og nye konsesjonar må heile vassdraget vurderast under eitt og ikkje delast opp i fleire konsesjonar med ulik prioritet. Statlege føringar for revisjonssaker (NVE-rapport 049/2013 og brev frå statssekretærene i KLD og OED 14.1.2014) skal vera underlagt Vassdirektivet og miljømåla i den regionale vassforvaltningsplanen.
- Kommunen står fast ved sitt tidlegare krav i revisjonssaka for Tokke-Vinjevassdraget og til ny konsesjon for Møsvatn.
- Revisjonssaka for Tokke-Vinjevassdraget og fornying av konsesjonen for Møsvatn må avgjerast i løpet av planperioden. Dersom sakene blir utsett og miljømåla ikkje blir nådd før i neste planperiode (2022 – 2027) må det arbeidast med mellombels løysingar, som friviljuge restriksjonar. Moderne naturforvaltningsvilkår må inn i alle konsesjonsreglement, som gjennom nasjonal forskrift.
- Kommunen er skeptisk til at meir av tilskota i landbruket (Regionalt miljøprogram og Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap) skal nyttast til å nå måla for vassforvaltning i nedre delar av fylket så lenge dette kan gje reduserte tilskot i øvre del av Telemark.
- Tiltak mot spreiding av framande artar må med under prioriteringane i forvaltningsplanen.
- Utgifter til lokal tiltaksovervaking må dekkast av ansvarleg påverkar. Problemkartlegging er viktig for å heve kunnskapsgrunnlaget der påverknad og miljøtilstand er dårleg kjent og må dekkast av ansvarleg sektormynd. Utvalde

**lokaltetar med høg tilførsel av sur nedbør bør overvakast gjennom basisovervaking, som er eit nasjonalt ansvar.**

Saksordførar: Lena Romtveit